



Kommunane i Hordaland

Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg - Kap. 225 post 24 - skuleåret 2017/2018

Fylkesmannen i Hordaland viser til retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet 2014 i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og tilhøyrande *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Retningslinene trådde i kraft 15. november 2014, og gjeld inntil nye retningslinjer blir fastsett.

Målet for ordninga er å bidra med finansiering til kommunar og fylkeskommunar slik at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskoleopplæring og /eller vidaregåande opplæring jf. §§ 2-1 VA-1 tredje ledd og 3-1 tolvte ledd. Tilskotsordninga omfattar òg barn og unge i akuttinntak.

Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis for skuleåret 2017/2018 - to gonger i året:

Første utbetaling: Tilskotet for hausthalvåret vert utbetalt i februar/mars.

Andre utbetaling: Tilskotet for vårhalvåret vert utbetalt i august/september.

Tilskotet vert utbetalt for hausten med 4 månader i følgjande budsjettår og 6 månader på våren etter avslutta skuleår.

Det er eit krav at det blir opplyst om teljedato (undervisning) den 1. i kvar måned. Vilkåra for tilskotet går fram av teksten i lenka.

Skjema til Utdanningsdirektoratet skal nyttast ved krav om utbetaling for haust og vår halvåret 2017/18 for barn og unge i asylmottak/omsorgssenter/privat. Sjå lenke. Vi tek atterhald om eventuelle endringar. Det er viktig at søknadene inneheld alle opplysningar, og det er viktig at etterslep ikkje førekjem - jf. retningslinene pkt. 7.2. 2.

Frist for hausthalvåret 15. februar 2018, frist vårhalvåret 1. august 2018.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/opplaring-til-barn-og-unge-som-soker-opphold-i-norge/>